



## MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtedato:** 12.11.2013 -13.12.13  
**Møtetid:** 08:30- 16.30 - 08.30- 14.00  
**Møtestad:** Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert 1 varamedlem.

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>I staden møtte:</b>
Roy Vegard Hope	Eva Hellevang

### Andre som var til stades på møtet:

12.12.13 – Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge (12.11.13). Stabssjef Boge under sakene 46 og 47/13. Økonomisjef Erdal under sakene 48 og 49/13

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Marit Aase
<b>Møtesekretær:</b>	Ass.rådmann Våge/rådmann Ramsli

### Merknader:

Rådmann og ass.rådmann var ugild og gjekk ifrå under handsaming av sak 47/13.

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	Ordførarar orienterte; -Fest for funksjonshemma i Fusa samfunnshus den 12. desember kl. 18.00. Formannskapsmedlemmer vert oppmoda om å melda seg som medhjelparar under festen. -Blåfall Energi A/S har søkt om å bygga småkraftverk i Sandelva. Kommunen har 18% av fallrettane i elva. -Øving Hordaland vert gjennomført den 27.nov.
<b>Utvalet sitt kvarter</b>	<u>Øyvind Røen</u> bad om status og informasjon om interkommunalt barnevern. -Rådmannen orienterte om at kva som er gjort og kva som vert gjort vidare. <u>Gunnar Bruvik</u> orienterte om at statens vegvesen har vore og kosta i gata på Ytre Tysse.
<b>Spørsmål:</b>	Rådmann stilte spørsmål om å bruka forkjøpsretten på tomt på Lønnebakken eller gje tomteigar høve til selja tomta vidare. Formannskapet slutta seg til å bruka forkjøpsretten.

**Underskrift frå utvalsleiar/ordførar og møtesekretær:**

Tysse, 20.11.2013

---

Underskrift ordførar

---

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
043/13	13/616	Faste saker	
044/13	13/611	Kommunale avgifter og gebyr 2014	
045/13	10/336	Husleige kommunale bygg 2014	
046/13	13/596	Godtgjersle til ordførar, varaordførar og andre politisk valde 2014	
047/13	13/395	Lønsfastsetjing for rådmann og assisterande rådmann 2013	
048/13	13/340	Budsjett 2014	
049/13	13/170	Økonomiplan 2014 - 2017	

**SAKNR. 043/13**  
**FASTE SAKER**

---

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
  - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
- 

**12.11.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: **Bright Olav Gåsdal** bad om at leiar i utval i møteinnkallinga vert endra til ordførar **Marit Aase** i innkallinga til formannskapet.

**Utvalet sitt kvarter:**

På spørsmål frå **Øyvind Røen (Sp)** om status for arbeidet med interkommunalt barnevern ga rådmannen fylgjande tilbakemelding:

Rådmannen utarbeidde eit notat om arbeidet for å få på plass interkommunalt barnevern for utval for oppvekst og omsorg tidleg i haust. OO slutta seg til tankane i notatet. Det har vore kontakt med kommunane **Kvam, Fusa, Os og Bergen (indre Arna)**, og alle er i utgangspunktet interessert i å samarbeida med Samnanger. Det er sendt skriftleg førespurnad til desse kommunane. Det har vore møte med **Kvam**. Dei andre kommunane vil verta kontakta med det første.

**Gunnar Bruvik (Frp)** viste til tidlegare innspel om skitne vegar gjennom **Ytre-Tysse**. Han opplyste at no hadde kostemaskina vore gjennom **Ytre-Tysse**.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med merknaden frå **Gåsdal**

**FORM-043/13 VEDTAK:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent med merknaden om underskrift.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

**SAKNR. 044/13**  
**KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR 2014**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kommunale avgifter og gebyr for 2014 vert fastsett i samsvar med vedlagde oversikt.

**12.11.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

**Bright Olav Gåsdal (Ap)** sette fram følgjande framlegg: "Same som rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg/ending: avgifter og gebyr som i rådmannen sitt utkast er auka med omlag 3 %, vert endra til omlag 3,5 %"

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga.  
Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og vart vedteke. 3 røysta for framlegget frå Gåsdal.

---

Følgjande representantar røysta for rådmannen sitt framlegg:  
Gunnar Bruvik (Frp)  
Eva Hellevang (H)  
Ragnfrid Olsnes (Bl)  
Øyvind Røen (Sp)

Følgjande representantar røysta for Gåsdal (Ap) sitt framlegg:  
Marit Aase (Krf)  
Brikt Olav Gåsdal (Ap)  
Birthe Skar-Moum (Ap)

#### **FORM-044/13 VEDTAK:**

Kommunale avgifter og gebyr for 2014 vert fastsett i samsvar med vedlagde oversikt.

#### **SAKNR. 045/13**

#### **HUSLEIGE KOMMUNALE BYGG 2014**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsett i saksutgreiinga.

#### **12.11.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

#### **FORM-045/13 VEDTAK:**

Husleigene i kommunale bygg vert regulert i samsvar med tabelloppsett i saksutgreiinga.

#### **SAKNR. 046/13**

#### **GODTGJERSLE TIL ORDFØRAR, VARAORDFØRAR OG ANDRE POLITISK VALDE 2014**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

#### **12.11.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

**Brikt Olav Gåsdal (Ap)** sette fram følgjande framlegg: ”Godtgjersla til ordførar vert regulert opp med 1,2 %. Alle andre godtgjersler til folkevalde vert regulert tilsvarande. Vedtaket gjeld frå 1. jan. 2014.”

**Øvind Røen (Sp)** sette fram følgjande framlegg: ”Godtgjerslene til folkevalde, medrekna ordførar og varaordførar, vert auka med 0,75 %.”

Det vart røysta alternativt over dei to framlegga. 2 røysta for framlegget frå Røen og 5 for framlegget frå Gåsdal som då vart vedteke.

Følgjande representantar røysta for Røen (Sp) sitt framlegg;  
Ragnfrid Olsnes (Bl)

---

Øyvind Røen (Sp)

Følgjande representantar røysta for Gåsdal (Ap) sitt framlegg:

- Marit Aase (Krf)
- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Gunnar Bruvik (Frp)
- Eva Hellevang (H)

#### **FORM-046/13 VEDTAK:**

Godtgjersla til ordførar vert regulert opp med 1,2 %. Alle andre godtgjersler til folkevalde vert regulert tilsvarande. Vedtaket gjeld frå 1. jan. 2014.

#### **SAKNR. 047/13**

#### **LØNSFASTSETJING FOR RÅDMANN OG ASSISTERANDE RÅDMANN 2013**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

#### **12.11.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Rådmann Ramsli og ass.rådmann var ikkje tilstades under handsaminga. Stabssjef Boge deltok under handsaminga.

#### **Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:**

”Rådmann og assisterande rådmann får eit lønstillegg på 1,2% med verknad frå 01.05.2013. Leiaravtalen til rådmann og assisterande rådmann skal gåast gjennom og eventuelt reforhandlast. Sak om dette skal leggjast fram for formannskapet.”

#### **Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:**

”Rådmann og assisterande rådmann får eit lønstillegg på 0,75% med verknad frå 01.05.2013.”

Framlegget til Marit Aase vart vedteke med 6 røyster mot framlegget til Øyvind Røen som fekk 1 røyst.

Følgjande representantar røysta for framlegget til Marit Aase (Krf):

- Marit Aase (Krf)
- Brigte Olav Gåsdal (Ap)
- Birthe Skar-Moum (Ap)
- Eva Hellevang (H)
- Ragnfrid Aadland Olsnes (Bl)
- Gunnar Bruvik (Frp)

Øyvind Røen (Sp) røysta for sitt eige framlegg.

## **FORM-047/13 VEDTAK:**

Rådmann og assisterende rådmann får eit lønstillegg på 1,2% med verknad frå 01.05.2013. Leiaravtalen til rådmann og assisterende rådmann skal gåast gjennom og eventuelt reforhandlast. Sak om dette skal leggjast fram for formannskapet.

## **SAKNR. 048/13 BUDSJETT 2014**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til budsjett for 2014 dagsett 02.11.2013 samt mål for drifta slik dei går fram av rådmannen sine merknader til budsjettframlegget vert vedtekne.

For eigedomsskatteåret 2014 skal det skrivast ut eigedomsskatt på 7 promille på verk og bruk jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Samnanger kommune vedtatt i kommunestyret 20.06.2013 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2014, jf. esktl. § 10.

## **12.11.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

### Første dag: 12.11.13

Økonomisjef Erdal orienterte om rammeoverføringane og kva som ligg i desse, samt kommunen sin lånegjeld. Ho peika på konsekvensar og løysingar dette kan få for Samnanger i økonomiplanen 2014-17. Ho informerte også om verknadene av framlegg til statsbudsjett frå regjeringa Solberg.

Rådmannen orienterte om budsjettframlegget for 2014 for dei ulike einingane og om dei måla som er sett. Formannskapet drøfta framlegga til mål. Det var m.a. ein diskusjon om korleis ein skulle formulera seg i høve til mål for handsaming av klager.

I diskusjonen kom ein naturleg nok inn på framlegget til økonomiplan, og store delar av diskusjonen gjekk på korleis ein skal handtera dei store utfordringane framover. Formannskapet drøfta ulike måtar å skaffa inntekter til kommunen og kva som kan redusera utgiftene. Det vart bestemt at kommunen skulle nytta minimumsavdrag, oppta låna på vilkår av at attendebetalinga ikkje startar før prosjektet er gjennomført og å betala attende over 50 år for lån på sjukeheim og senter funksjonshemma. Jmf. også diskusjonen under sak om økonomiplan.

Utvalet var innom kommunesamanslåing – tidspunkt og verknad og innføra eigedomsskatt på nye område. Situasjonen for ungdomsskulen var særskild løfta inn i diskusjonen. Kva alternativ har ein?

Tema som elles var oppe til diskusjon:

- Frivilligheitsentral
- Sal av kommunale eigedomar – strøtomter bustad og Erikajorda
- Tilbakeføring av forskotteringsmidlar tunell Ytre-Tysse og verknaden av det

Formannskapet gjekk igjennom kontrollutvalet sitt budsjett, og økonomisjef vart bedt om å sjekka ut ein del spørsmål med sekretær/leiar for kontrollutvalet. Økonomisjefen ga tilbakemelding om den informasjonen ho fekk frå sekretæren.

Andre dag: 13.11.13

Leiar i kyrkja Britt Haukanes orienterte formannskapet om kyrkja sitt budsjettframlegg.

**Ordføraren** sette fram framlegg om at kontrollutvalet si budsjetttramme vert i samsvar med det som er lagt inn i rådmannen sitt framlegg.

Framlegget frå ordføraren vart samrøystes vedteke.

**Øyvind Røen** ba om å få vurdert gildskapen sin i høve til kyrkja sitt budsjett.

Formannskapet vedtok samrøystes at Røen var gild ved handsaminga av kyrkja sitt budsjett.

Det var ein diskusjon om kyrkja sitt budsjett der nokre ønska å utvida ramma. Det vart ikkje sett fram skriftleg framlegg om dette.

I rådmannen sitt framlegg er det foreslått å låna vel 2 mill kroner av fondsmidlar Sima-Samnanger til finansiering av eigenkapitalinnskot i KLP (pensjon). Formannskapet aksepterte at midlane til breiband – 700.000 kroner – kunne omdisponerast sidan kommunen med tilskot frå fylkeskommunen får realisert fleire prosjekt enn det som var forventa med dei kommunale midlane. Formannskapet såg helst at det ikkje vart brukt av midlar avsett til andre tiltak, men sidan alternativet var å redusera drifta vart dette vanskeleg. I og med det at formannskapet tidlegare i møtet hadde gått inn for å nytta minimumsavdrag på lån fullt ut for å skaffa seg eit noko større handlingsrom i økonomiplanperioden, ville formannskapet heller nytta den eine frigjorte millionen i 2014 til å delfinansiera eigenkapitalinnskotet. Oppsummert vert den kostnaden då finansiert slik

#### **9001.8700**

0.5290	Kjøp av aksjar og andelar	3 926 000
0.9400	Bruk av disposisjonsfondet	- 1 800 000
0.9503	Bruk av Sima – Samnanger	- 1 076 000
0.9700	Overført frå driftsrekneskapan	- 1 050 000

**Mellombels drift** av sjukeheim m.m. i byggeperioden var drøfta. I framlegget er det ikkje lagt inn midlar. Det er i dag ikkje mogleg å seia kva kostnaden vert. Dette vil vera del av planlegginga av mellombels drift som er forventa ferdig til sommaren. Kommunestyret vil få seg førelagd denne planen, og dersom den krev auka ressursar vil det verta fremja som spørsmål om tilleggsøyving.

**Bright Olav Gåsdal (Ap)** sette fram slikt framlegg:

*frivillighetssentral*

#### **Røysting:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak med endringa som vist i tabellen over.

Formannskapet gjekk samrøystes inn for at kommunen skal nytta minimumsavdrag, og at nytt lån til sjukeheimen på 17 mill. skal betalast attende over 50 år med 4 avdragsfrie år.

Framlegget frå Gåsdal vart samrøystes vedteke.

#### **FORM-048/13 VEDTAK:**



Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2014 dagsett 02.11.2013 samt mål for drifta slik dei går fram av rådmannen sine merknader til budsjettframlegget vert vedtekne med fylgjande endringar:

Kommunen betaler i dag meir avdrag enn det som er kravet i forhold til minimumsavdrag. Berekning viser at avdraga kan reduserast med ca kr 1 mill. i 2014. Kommunen skal søka Kommunalbanken om avdragsutsetting på kr 1 mill. Løpetida på lånet/ låna skal forlengast.

#### **9001.8700**

0.5290	Kjøp av aksjar og andelar	3 926 000
0.9400	Bruk av disposisjonsfondet	- 1 800 000
0.9503	Bruk av Sima – Samnanger	- 1 076 000
0.9700	Overført frå driftsrekneskapen	- 1 050 000

For eigedomsskatteåret 2014 skal det skrivast ut eigedomsskatt på 7 promille på verk og bruk jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Samnanger kommune vedtatt i kommunestyret 20.06.2013 skal gjelda for eigedomsskatteåret 2014, jf. esktl. § 10.

Det skal takast opp eit nytt lån på kr 17 mill som skal gå til å finansiera ny sjukeheim. Lånet skal betalast ned over 50 år og ha 4 avdragsfrie år.

#### **SAKNR. 049/13**

#### **ØKONOMIPLAN 2014 - 2017**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Økonomiplan 2014 – 2017 vert lagt fram til drøfting og mogeleg vedtak.

#### **12.11.2013 FORMANNSKAPET**

Handsaming i møtet:

Framlegget frå rådmannen viser eit overskot i 2014 på 1 million kroner og eit samla underskot i perioden 2015 – 2017 på 21 mill. kroner. Det er då lagt til grunn at det vert nytta minimumsavdrag.

Sjukeheimen må byggjast. Standarden på den er så dårleg at den ikkje tilfredsstillar krava korkje frå bebuarar eller frå dei tilsette. Arbeidstilsynet har nyleg vore på tilsyn og kommunen har motteke melding om avvik. Det vert utfordrande å byggja den, og kostnaden er så stor at det ikkje er mogleg å unngå konsekvensar for kommunen si drift av alle tenester.

Formannskapet vil ha eit ekstra møte før det vert fatta vedtak om økonomiplan for 2014 – 2017. Dette møtet vert 27.11.2013 kl 16.00.

Til dette møtet vert rådmannen bedt om å leggja fram utgreiingar og framlegg til tiltak som gjer at det er mogleg å få økonomiplanen i balanse.

M.a. vert det bedt om at det vert sett nærare på

**Eigedomsskatt** på bustader og fritidsbustader. Formannskapet ønskjer ikkje å innføra nye skattar, men ser at alternativet til det er å redusera den kommunale drifta langt ut over det som er tilrådeleg. Administrasjonen vart bedt om å laga ei utgreiing om regelverk, konsekvensar og moglege inntekter.

Rådmannen vert også bedt om å sjå om det ligg moglegheiter for auka inntekter knytt til nye og oppgraderte **kraftlinjer og anlegg** samt om det er mogleg å auka inntektene frå sal av **konsesjonskraft**.

Det må og utgreiast om det er mogleg å skaffa inntekter frå **sal av kommunale eigedomar**, strøtomter bustad, tomter i industriområdet Rolvsvåg og Erikajorda.

Det vert lagt til grunn nedbetalingstid på **låna** på 50 år og at attendebetaling ikkje skal starta før prosjekt er avslutta.

**Redusert driftsnivå** må truleg til for å få balanse i drifta. Tiltak som kan vera aktuelle må konsekvensutgreiast.

**FORM-049/13 VEDTAK:**

Saka vert utsett til neste møte 27.11.2013.

